

Nye Oterholtfoss Kraftverk - høringsfråsegn frå Bø Turlag

Bø Turlag organiserer nær 300 turlagde i Bø, og er kjende med at langt fleire nytta dei stiane turlaget driftar - både langs Bøelva og elles i bygda. Turgåing er enkleste og viktigaste tiltak for folkehelse. Langs Bøelva finn vi eit elvelandskap som vi elles må reise langt for å oppleve. Bøelva ligg nær sentrum og er lett tilgjengeleg med bil, buss, sykkel og til fots. På det grunnlag er Bø Turlag oppteken av framtida til Bøelva.

Ei større utbygging av Oterholtfoss, slik det no vert vurdert, har konsekvensar for naturopplevinga for turfolk. Ei normalvassføring på $23,5 \text{ m}^3/\text{s}$ gjev ei heilt anna og mektigare oppleving enn den minstevassføring som er foreslått, $4,5 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren.

Vi tek utgangspunkt i Norconsult sin utgreiing "Nye Oterholtfoss kraftverk - Konsekvensutgreiing friluftsliv" som tek opp fleire viktige moment. Spesielt vil vi peike på og bekrefte utsegna på s 36 om at "Redusert vassføring vil redusere verdien av elva og fossane som landskapselement." Vi meiner likevel at rapporten kunne gått langt grundigare til verks med å visualisere - med bilete, eller video på nett - korleis ulike delar av berørt strekning vil sjå ut med $3, 4,5$ og $6 \text{ m}^3/\text{s}$. Denne delrapporten har eitt (!) bilete der vassføringa er kvantifisert, på side 25 der det går $17 \text{ m}^3/\text{s}$ i Oterholtfossen. Andre delrapportar har andre bilete, men ikkje systematisk visualisering.

Rapporten nemner nokre få stader at elva nyttast til bading, men ein kjem lite inn på kva for konsekvensar utbygging vil ha for badetilhøva. Spesielt spør vi om mindre vassføring utan store årlege flaumtoppar i tillegg til auka vasstemperatur vil resultere i meire begroing og algevekst (jmf. delrapport "Konsekvensutredning fisk og ferskvannsorganismar", s.6), og korleis dette vil påverke tilhøva for bading.

Elles meiner vi at alle delrapportane berre gjev eit no-bilete av situasjonen, dei maktar ikkje å sjå utbygginga i eit lengre tidsperspektiv. Noverande Oterholt Kraftverk vart sett i drift for over 80 år sidan. *Dette* er tidsperspektivet ein må sjå på. Bø har hatt ein vedvarande, formidabel auke i folketalet dei siste tiåra. Korleis vil kommunen sjå ut om nye 80 år? Korleis er tilhøva for friluftslivet då? Dette freistar ikkje rapportane å svare på, diverre. Det er grunn til å tru at folketalet vil halde fram med å auke kraftig, dermed vil verdien av området som rekreasjonsområde truleg auke dramatisk.

Fiske og padling er sers viktige former for friluftsliv som påverkast av utbygginga, men vi reknar med at Padlegruppa og Fiskelaget kjem med eigne fråsegner, og tek difor ikkje opp det her.

Dei ulemper som utbygging medfører må sjølv sagt i det store biletet vegast mot føremonene. Etter vår mening kan utbygging etter alternativ 2 vera ei brukeleg løysing, som gjer at inngrepet berre skjer over eit strekke på 600 m, og ikkje 2,6 km. Dette vil utgjere stor skilnad for turgåarar langs vassdraget.

Dersom det skulle bli utbygging - anten etter alternativ 1 eller 2 - meiner vi det må vurderast å auke minstevassføringa noko. Og som nemnd - vi skulle gjerne sett systematisk

visualisering av ulike nivå på dette. Vi kan derfor ikkje ta stilling til minstevassføringa på dette grunnlag.

Det er slått fast at ei utbygging vil redusere attraktiviteten av området for friluftslivet. Eit lite, avbøtande tiltak kunne vere at utbyggjar bidreg til eit prosjekt som går ut på å opparbeide ei heilårs turløype for gåing langs elva. Denne er tenkt kjørt opp med snøscooter gjennom vinteren. Ei slik løype vil kunne auke attraktiviteten til området noko, og dermed delvis kompensere for den reduserte naturopplevinga.

Bø Turlag seier nei til utbygging etter alternativ 1, men kan på visse vilkår seie ja til alternativ 2. Minstevassføringa må aukast, badetilhøva må vurderast, og ei heilårs turløype bør etablerast.

For Bø Turlag
Arne Hjeltnes